

Gulbrand Lunde og kona omkom 25.10.42 –ulukke eller attentat?

Det er søndag 25. oktober 1942, ein sjuasetar Buick er på veg frå Ålesund til ferjeleiet Våge – Nordvik i Romsdal. Bilen vert køyrd av ein privatsjåfør, ein hirdmann, attmed han sit fylkesfører Astrup. I baksetet sit ekteparet Marie og Gulbrand Lunde, 35 og 41 år gamle. Gulbrand er minister i Quisling si regjering og har vore til stades på NS si fylkesstemne for Møre og Romsdal.

Det er mørkt ute, klokka nærmar seg 2200 om kvelden. Ekteparet pratar om laust og fast, men dei tenkjer nok og pratar mykje om dei to borni sine som er att i Oslo hjå bestemori, Inga Grue Lunde. Marie tek fram gavene dei har kjøpt, ser på dei og legg dei tilbake i baksetet.

Ekteparet legg hovudi bakover for å

slumra litt før ferjeturen over fjorden. Så ser dei lysi frå ferja som ligg ved kai. Dei registrerer så vidt at bilen stoggar. Klokka er 2230, og Gulbrand og Marie har nokre få minutt att å leva.

NS-stemne i Ålesund

Helgi 24.-25. oktober 1942 heldt NS hauststemne for Sunnmøre i Ålesund, og for fyrste gong vitja ein av Quisling sine statsrådar byen. Kulturminister og NS sin riksprpagandasjef Gulbrand Lunde kasta glans over arrangementet. Kona hans, Marie, fødd Wulfsberg (1907-1942) var med han på turen, noko ho ofte var. Denne gong var ho tilbake i barndomstraktene, Marie var dotter til sokneprest Wulfsberg, fødd i



Gulbrand Lunde, statsråd under krigen og med slektsrøter i Vik, omkom 25. oktober 1942. Han vart berre 41 år gamal.

Utlån: Norges Hjemmefrontmuseum.

Vanylven, og ho hadde budd lenge på Ørskog prestegard.

Gulbrand talte til forsamlingen i Ålesund, dvelte mykje ved forfallet i mellomkrigstidi og skulda på jødane og frimurarane for forfallet. Men så kom det ein mann som kunne atterreisa eit fritt og stort Noreg, Quisling. Gulbrand likte å halda tale, så godt likte han det at vonde tungar kalla han Tale-Gulbrand.

Gulbrand hadde vore ein internasjonalt kjend vitenskapmann før krigen, han var utdanna kjemikar i Tyskland, og frå 1929 var han direktør for Hermetikkindustriens Laboratorium i Stavanger. Han melde seg tidleg inn i NS, og i september 1940 vart han statsråd.


Kva skjedde?

I 2030 tidi søndag den 25. oktober var arrangementet over i Ålesund, og Gulbrand og kona sette seg i bilen for å verta køyrde til Åndalsnes. Bilen med kjennteikn A-88, ein sjuasetar med skillevegg mot sjåførsetet, vart køyrd av ein hirdmann. Med i bilen var og Kristian Astrup, NS-fylkesføraren for Vestlandet. For å koma til Åndalsnes måtte dei ta ferje frå Våge til Nordvik. Ferja låg og venta på det eksklusive fylgjet, ferja var bestilt til ekstratur.


Ferjeleiet hadde ferjekai av det gamle slaget med lem som vart heist opp og ned med kjettingar eller wire. Ferja hadde motoren i gang lenge for å pressa



Minister Gulbrand Lunde i audiens hjå føraren Vidkun Quisling på slottet. Utlån: Norges Hjemmefrontmuseum.



Frå minnehøgtidi i Aulaen i Oslo 31. oktober 1942. Gravferdi skjedde frå Trefoldigheitskirken i Oslo. Det vart lagt ned kransar frå Hitler, Goebbels, Himmler, Terboven, Quisling og fleire. Urnene etter Gulbrand og Marie vart seinare frakta til Vik, til familiegravstaden ved Hopperstad stavkyrkje.
Foto: NTB.



Frå kyrkjegarden på Hopperstad. Urnene etter Marie og Gulbrand vart lagt i gravi til far til Gulbrand, Sigurd, og bestefaren, Oscar Lunde. Her ligg dei alle: Bestefaren Oscar Lunde (1847-1926), faren Sigurd (1874-1936) og mori Inga Lunde (1870-1949) og Gulbrand (1901-1942) og kona Marie Lunde (1907-1942).

Foto: A.I. Sæbø

båten mot ferjelemmen, men det varte og rakk før bilen kom, og motorane vart stansa.

Så kom endeleg bilen i 22.30 tidi, det var ikkje bom framfor ferjeleiet på den tid. Sjøføren køyrde derfor bilen delvis inn på sjølve ferjelemmen og sløkte motoren. Sjøføren gjekk ut, og ombord på ferja gav dei beskjed til maskinisten om å starta motorane for å bakka ferja inntil lemmen for ombordkøyring. Ferja hadde av dei gamaldagse glødemotorane som kunne i blant slå feil veg. Og nett det skjedde, i staden for å bakka seig ferja utover frå kaien, fortøyningane slitna, lyfteanordningen som heldt ferjelemmen svikta, lemmen datt ned, og bilen rulla ut i sjøen og vart ståande med fronten under vatn. Bakparten stakk så vidt opp kvilande på ferjelemmen. Inne i bilen var Gulbrand Lunde og kona og fylkesfører Astrup, Astrup fekk rulla ned eit vindauge og kom seg slik ut og opp.

Då skipparen såg kva som skjedde, prøvde ferja med full fart mot land og la roret over på babord. Men i staden gjekk ferja full fart forover og svinga inn mot land og grunnstøytte. Dei ombord fekk firt seg i land og sprang rundt bukti til ferjekaien. Skipparen bad sjøføren dukka ned for å få ut Gulbrand og kona. Men han nekta, skipparen hoppa uti sjølv og prøvde å få opp ei dør, men etter to forsøk gav han opp. Fylkesfører Astrup og ein tysk soldat dukka og ned, men dei fekk heller ikkje gjort noko. Dei høyrde heller ingenting inne frå bilen og såg ingenting for det var belgmørkt.

Sjøføren var frå seg og ville gå bak eit naust og skyta seg, men då greip Astrup inn og fekk hindra det. Sjøføren følte seg nok medskuldig, for han hadde synda grovt mot alle reglar for ombordkøyring på ei ferje.

Ein prøvde no å få heva bilen med hevemekanismen på ferjelemmen, men det gjekk ikkje. Ein prøvde og med hesttar for å dra bilen opp. Men bilen rikka seg ikkje før det neste morgon kom ein tysk marinebåt med heisekran og ein servicebil med winch.

Reaksjonar

Ryktet om ulukka spreidde seg fort dagen etter. Det var få som tykte synd på ekteparet som omkom, i Ålesund kom det opp gledesflagg over heile byen, på heil stang. Til og med offentlege bygningar som skulen flagga på heil



Frå avdukingi av minnesteinen, 15. august 1943, over Gulbrand og Marie Lunde. Prosesjonen er på veg opp frå ferjekaien på Våge, der ulukka skjedde.

Utlån: Jan Olav Fretland, Ålesund.



Slik ser staden ut der minnesteinen sto. I dag er det berre nokre restar att, og der er tilvakse med skog. Heimestyрkar frå Sunnmøre fjerna steinen i juni 1945.

Utlån: Jan Olav Fretland, Ålesund.

stang. Ein av dei som opplevde ulukka kunne likevel ikkje gløyma at bak i bilen låg der leiker, leiker som foreldri skulle ha med seg heimatt til dei to borni sine, Gulbrand og Inga Marie. Dei leikene fekk dei nok aldri.

I Ålesund vart kommunale kontor stengde måndagen, og undervisningi på skulane vart avbroten. Om kvelden vart det halde minnemøte der lagførar og krinsførar i NS heldt tale.

Dei som var ombord på ferja, vart sjølv sagt avhøyrde, og like eins dei som budde ved ferjeleiet. Konklusjonen vart at det var eit ulukkeshende og at ingen kunne lastast. Og det kunne folk i Ålesund vera glade for. Hadde ein funne ut at det var sabotasje, hadde nok mange vorte arresterte og truleg skotne.

Men det gjekk mange rykte, om at det var sabotasje, men og at tyskarane sjølv sto bak. Gulbrand Lunde var upopulær hjå mange. bl.a. Terboven, for sine ekstremt norsk-nasjonale standpunkt. Skulle det ha vore sabotasje, måtte det i så fall ha vore ein konspirasjon mellom ferjemannskap, sjåfør og truleg med fylkesførar Astrup.

Alt klikka!

I alle høve var det påfallande mange uheldige omstende kring denne ulukka. For det fyrste køyrde sjåføren bilen inn på ferjelemmen, han sette ikkje på handbremsen og bilen sto i fri, passasjerane sat i bilen, noko ein på den tid ikkje skulle ved ombordkøyring, og endeleg klikka ferjelemmen og ferja gjekk feil veg. Det vart gjort mange feil, og alt som kunne gå galt, gjekk galt.

Gravferd

Laurdagen etter ulukka vart det halde minnehøgtid i Trefoldighetskirken i Oslo. Der vart det lagt ned utruleg mange kransar, bl.a. frå Hitler sjølv, frå Goebbels, Himmler, frå von Falkenhorst, Terboven og Quisling og fleire. Seinare vart urnene frakta til Vik, til familiegravstaden ved Hopperstad kyrkje, og der vart Marie og Gulbrand Lunde gravlagde etter stor prosesjon gjennom vijkjabygdi. Men mange var det ikkje i opptoget, vijkjene heldt seg vekke.

Minnestein

Men historien om ulukka i Romsdal er ikkje over med dette. Det vart bestemt at det skulle setjast opp bauta ved ferjeleiet der Gulbrand og kona



Slik såg minnesteinen ut. Solkorsskjoldet er i dag på Ålesund museum, og det ber tydeleg preg av å vera skote på. Foto: NTB.

omkom, og det vart sett i gang pengeinnsamling. Det gjekk tregt med pengeinnsamlingi, men bautaen vart laga i lys granitt, steinen vart henta i Ålvundfjord og bilethoggar var Daniel Hagerup frå Sykkylven. Til trass for store problem med arbeidsfolk og fraktestatar, vart steinen avduka 15. august 1943. Mykje NS-folk møtte opp, men lite bygdefolk, dei heldt seg vekke. Avdukingi vart føreteke av Lunde sin etterfylgjar, Rolf Fuglesang.

Men no er det lite å sjå der minnesteinen ein gong sto, like ovanfor ferjeleiet i Våge i Romsdal. Staden vart kalla Lundehaugen. Steinen er fjerna, der er berre nokre restar att, og heile området er tilvakse med småskog. Solkorsskjoldet frå bautaen er å finna på Ålesund museum.

Då kong Haakon kom att 7. juni 1945 var 50-60 mann frå heimestyrkane på Sunnmøre til Oslo for å defilera for kongen. Dei bestemte seg for at på tilbaketuren skulle dei ta seg av bautaen,

det vart reine kappkøyring mellom dei to bussane med mannskap for å koma fyrst fram. Dei hadde bazooka med og sende ein granat i bautaen, og velta og knuste restane. Slik vart minnet om Gulbrand Lunde fjerna. Men romsdalingane var ikkje blide for dette, dei hadde nemleg sjølv planar om å fjerna bautaen, og planen var å sprengja bautaen på jonsokkvelden.

Ulukke 19. juli 1979

Historien om Gulbrand Lunde og ulukka i Romsdal er ikkje heilt over. Ei hending 37 år etter ulukka kan trygt kallast skjebnens ironi.

Om kvelden den 19. juli 1979 kolliderte ein personbil med eit vogntog på europavegen i Måndalen berre nokre få kilometer frå ferjestaden på Våge. Sjåføren, ein 49 år gamal mann frå Oslo, omkom. Mannen heitte Gulbrand Lunde og var oppattkalla etter far sin.

A. I. Sæbø